

Landbruksdepartementet

Boks 8007
Oo30 Oslo

Delegert med heimel i møte og delegasjonsregl.	Dato:	Saksnr.
Delegerte landbrukssaker - ref. PMUV	30.06.2004	022/04
Sakshandsamar:	Arkiv: K2-V60, K3-&00	Arkivsaknr.
Annlaug Bolstad	Objekt:	2002000147

Odelslovutvalet si innstilling NOU 2003 : 26 om odels- og åsetesretten Høringsuttale

Flora kommune viser til høringsbrev frå Landbruksdep. av 13.11.03, og har følgjande merknader:

Odelslova:

Vi meiner at odelslova bør oppretthaldast. Den er svært viktig ut frå omsynet til langsiktig forvaltning av ressursgrunnlaget og omsyn til likestilling for å få fleire kvinner inn i landbruket. Odelsretten gjev mulegheiter til å førebu og motivere seg for ei framtid i landbruket.

Auke og klargjering av grenser for eigedomar som er odlingsjord:

Vi har eit utprega småskalalandbruk og ser det som verdfullt å ta vare på ein variert bruksstruktur. Omsetning og avkastning kan vere stor på mindre bruk. Vi viser til at kvinner oftare nyttar odelsretten på mindre bruk, og der ofte utviklar tilleggsnæringar som gron omsorg, småskala

reiseliv, husfid og andre tilleggsnæringar med grunnlag i arealressursane. Vi ynskjer ikkje vidare endringar i arealgrensa så snart etter endringa pr 01.01.04 før vi har vunne erfaringar med denne endringa.

I tilfelle bør grensa setjast til 30 da dyrka jord og 500 da skog.

Avgrensing av odelskrinsen:

Vi stør fleirtalet sin innstilling om ikkje å avgrense odelskrinsen. Det vil vere klart urimeleg om om barnebarn ikkje skal ha odel. Overskøyting frå besteforeldre til barnebarn skjer ofte og som ein naturleg skifte.

Endring av reglane for sambuarar

Mange vel sambuarskap som samlivsform og vi stør endringsframlegget om jamstilling m.o.t samodling og gjenlevande ektefelle/sambuar sitt vern dersom odelsrettshavar dør.

Fråskrivning av odelsretten

Fråskrivning av odelsretten bør skje skriftleg ut frå omsyn til dokumentasjon.

Løysingstida:

Løysingstida på 1 år bør ikkje endrast. Å overta ein gard medfører store endringar i livssituasjonen. Der bør innførast ei varslingsplikt der eigar må gje skriftleg varsel til beste odelsrettshavar når han ynskjer å selje eigedomen.

Stopp av løysingskravet når kravet er klart urimeleg

Vi stør framlegget om at klart urimeleg løysingskrav kan stoppast uavhengig av om den som har overteke eigedomen har odel eller ikkje.

Bu- og driveplikt:

Dette er sentrale verkemiddel i busetjing og utvikling av landbruksnæringa får ei sterkare forankring i odelslova enn i ei konsesjonslov som stadig rullerast. Dei fleste gardsbruk blir over-skøytt som odelseigedomar, og det synest rimeleg å heimle regelverket i odelslova.

Overgangsreglar i gjeldande lov:

Overgangsbestemmelsane i gjeldande odelslov §78 diskriminerer kvinner i høve til brør og onklar fødte før 1965. Det same gjeld overfor adoptivbarn og barn fødte utanfor ekteskap før 1965.

Det er svært gledeleg at dette no blir modernisert til reell likestilling.

Annlaug Bolstad

jordbrukssjef

Dokument i saka:

Nr	T	Dok.dato	Til/Frå	Tittel	Vedlagt (x)
1	I	13.11.2003	Det kongelige landbruksdepartement	Høringsbrev - Odelslovutvalgets innstilling NOU 2003:26 om odels- og åsetesretten	